

TEISTEKOLONIAR PÅ SUNNMØRSKYSTEN.

Eit forsøk på å anslå antall hekkande par basert på antal vaksne individ telt utanfor kolonien.

Oddvar Olsen og Jostein Fagerhol.

I tidsrommet frå 2002 til 2007 gjorde vi ein del tellingar av vaksen fugl rundt teistekoloniane på Sunnmørskysten.

Nokre år vart tellingane støtta frå Fylkesmannen i M&R eller OUM, andre år vart tellingane gjort for eigen regning. Tellingane vart utført i løpet av mai og det skulle tellast 3 gongar pr. år i kvar koloni, helst i morgontimane som var oppgitt som det beste tidsrommet å telle på. Vi har samla tal frå 9 av koloniane. Frå Svinøya (Herøy) i sør til Sveslingane (Haram) i nord.

Etter 2007 vart det ikkje gjennomført standardiserte tellingar, men vi har helde fram med å leite etter reirplassar i alle koloniane heilt fram til 2010.

Frå 2002 til 2010 har vi funne og kartfesta 180 reirplassar i 13 koloniar, og totalt har 647 ungar blitt ringmerka i alle koloniane.

Antalet vaksne ein greier å telle svingar veldig. Nokre gongar kan talet på teist være omlag like høgt midt på dag som morgon eller kveld. Det ser likevel ut til at det er tidlig morgon, kombinert med flod sjø, som gir dei høgste tala.

Storholmen, Erkna og Røholmane er dei tre største koloniane i området. Erkna er den største. Her har vi pr. 2010 funne 42 reirplassar og største antal vaksne telt utanfor kolonien var 175 i perioden 2002 til 2007. Storholmen som ligg like nord om Erkna er nest størst og her har vi funne 34 reirplassar og største antal vaksne var 162. Røholmane ligg utanfor Brattvågen og her har vi hatt 37 reirplassar og 130 vaksne. Dei 5 andre koloniane som er med i tabellen er relativt små, frå 11 til 1 reirplassar.

For utregning av ein formel, tek vi utgangspunkt i kolonien på Storholmen, der vi har bortimot full kontroll på alle mulige reirplassar. Her har vi 162 vaksne individ som makstall, og maks 25 reirplassar som har vore aktive same året.

Formelen blir då: $162 \text{ ind.} \times 31\% : 100 = 50 \text{ ind.} (=25 \text{ par})$.

Antal reirplassar der det har vore hekking, eller forsøk på hekking totalt alle åra, er 34. Om vi tek høgde for at vi ikkje greier å fange opp spor etter ruging i alle reir der det har vore aktivitet på, kan vi auke prosenten i formelen opp til 40.

Ny formel blir då: $162 \text{ ind.} \times 40\% : 100 = 65 \text{ ind.} (=32 \text{ par})$.

	Maks antal vaksne utanfor kolonien beste året	Antal par utregna med 40% formel	Maks aktive reir beste året	Tot. antal reirplassar funne pr. 2010.
Storholmen	162	32	25	34
Erkna	175	35	35	42
Røholmane	130	26	31	41
Sveslingane	72	14	8	8
Langh/Rosh.	33	7	10	11
Svinøya	35	7	8	10
Innholmen	32	6	4	4
Kjepina	20	4	6	7
Eggholmen	13	3	1	1
TOTALT	672	134	128	158

Denne formelen kan nok brukast som ein tommelfingerregel, men vil nok ha mange usikkerheiter, som t.d. hekkemotivasjon. Det vil kreve fleire tellingar årlig og over fleire år om ein skal kunne få eit godt svar på kor mange par som er i ein koloni. I nokre koloniar er det nok raskare og bedre å gå inn og finne alle hekkeplassar for å få eit sikkert tal på antal hekkande. Men det er ikkje mange koloniar som egnar seg for den metoden.

Erkna og Storholmen er svært ulike i så måte. Storholmen er nesten berre fjellsprekker og nokre få steinar. Derimot på Erkna er der store område med steinar og mange store kløfter og mindre fjellsprekker, slik at her vil det ta mange år før vi kan seie at vi har same oversikta som på Storholmen.

Å finne reirplassar er svært tidkrevande og etter 9 års leiting, dukkar det stadig opp nye reirplassar på Erkna. Nokre reirplassar forsvinn også, då storbåra kan velte om på steinar eller tette sprekker med gras eller plastsjøppel. Som tala i tabellen viser, har vi nok enno ikkje full oversikt i alle koloniane.

4 koloniar er ikkje tatt med i utrekninga av formelen. Desse er ikkje med pga. at tellingane ikkje har vore tilfredstillande, eller andre forhold som har gjort at kolonien har blitt utelatt.

Nokre få tellingar gjort i 2008, viste eit stort avvik i antal vaksne utanfor koloniane i forhold til hekkande par. Antal par som gjekk til hekking var større dette året enn åra før, samtidig som antalet talde individ i koloniane var veldig lavt.

Dette gjer at vi mistenker at lav hekkemotivasjon gjev høgare tal av synlige individ, fordi ikkje-hekkande i større grad ligg på sjøen ved kolonien enn når hekkemotivasjon er stor. Store tal vaksne rundt kolonien kan tolkast som eit dårlig hekkeår. Nokså logisk når ein tenker etter; når vaksne er opptatt med å ruge/skaffe mat til ungar, vil dei trulig ha mindre tid til å ligge utanfor kolonien å drive dank enn når dei bryt av tidlig i hekketida.

Frå og med 2011 er dei fleste holmane der teisten hekkar freda, det vil sei at der er ilandstigningsforbud i hekketida. For teisten kan ilandstigningsforbud være ein stor fordel, spesielt på Røholmane ved Brattvågen, der båtfolk går på land og grillar i timesvis og lagar grue av steinar der det ligg teistungar/egg under, slik at desse blir liggande åpent.